

# EIDFJORD NYTT



**Tussafoten**

**Frå Ukraina til Eidfjord**

**Fritidsklubb i ungdomshuset**

**Øvre Eidfjord Grendalag**

# - Jolehelsing frå ordføraren -

**Ei verd og eit samfunn som stadig er i endring, kan eg ikkje seia noko anna enn at 2020-talet har levert. Koronapandemi, forstyrriingar i energiforsyninga og krig i Europa. Samstundes skal me også handsama og forsøka å motverka konsekvensane av dei menneskeskapte klima- og miljøendringane.**

2020-talet starta med ein verdsomspennande Koronapandemi. Denne lamma og endra mykje av den måten me samhandlar på over natta. Noreg er av dei landa som har kome godt ut av denne pandemien. I Eidfjord gjekk det lang tid før me fekk dei første registrerte tilfella innan kommune-grensa. Me var kanskje litt heldige, men me var og flinke til å følgja dei råd og anbefalingar som vart gitt.

Sjølv om pandemien ikkje er over har me i Europa fått ei ny stor, felles utfordring gjennom krigen i Ukraina. Opptakten til krigen, slik det ser ut no, kan og koplast til den forstyrra energiforsyninga/gassleveransane til Europa i 2021. Høg straum- og gasspris er normalt godt for eigalarar, og i Noreg er dette i stor grad det offentlege. Dette er likevel ei fattig trøyst for dei som slit med å få eigen økonomi til å gå i hop som fylgje av auka prisar.

Dei høge prisane me har opplevd på straum sidan dette starta er likevel underordna det Ukraina og ukrainarane opplever på grunn av invasjonskrigen frå Russland. Då me i Eidfjord vart oppmoda om å busetja 20 flyktningar i vår, valde me å seia at me kunne ta i mot 30. Det var mange av oss som var utslepp, og det er ikke rår over her i Eidfjord. Me har likevel moglegheit til å påverka og å styra korleis me vil ha det i Eidfjord. Alle kommunar vert styrt av planverk vedteke av kommunestyret. Overordna i alle kommunar har me kommuneplanen, delt i ein samfunnsdel og ein arealdel.

Hetebølgjer og historisk tørke har ramma Europa, Kina og USA samstundes i år. Noreg har internasjonalt forplikta seg til å kutta utslepp, og det er FN sitt naturrestaureringsår som også skal følgjast opp i Noreg. Her i Eidfjord var våret ikkje noko spesielt å skriva heim om i sommar, og me har til no ikkje kjent på dei største konsekvensane av klimaendringane. Men når det gjeld naturen er det likevel områder der me må endra kurs. Utviklinga for villreinen i Noreg har over lang tid gått i feil retning.



Ordførar Anders Vatle

Det må gjerast grep for å betre livsgrunnlaget, og me må få på plass eit forvalningsregime som handterar CWD over tid. Her har regjeringa varsla at dei vil leggja fram ei stortingsmelding for å involvera breitt, og løfta debatten for korleis me kan ivareta villreinen for framtida. Dette arbeidet kjem til å vera viktig for oss i Eidfjord.

Det er mykje som påverkar oss, som me ikkje rår over her i Eidfjord. Me har likevel moglegheit til å påverka og å styra korleis me vil ha det i Eidfjord. Alle kommunar vert styrt av planverk vedteke av kommunestyret. Overordna i alle kommunar har me kommuneplanen, delt i ein samfunnsdel og ein arealdel.

Desse planane seier noko om korleis me vil ha det, og kva me vil leggja til rette for i Eidfjord. Ein viktig grunn til at ein lagar slike planar, er at gode initiativ og moglegheiter nokon sit med kan lata seg realisera. Det offentlege, kommunen og andre organ, har ansvar for å gjennomføra sin del, og så er det viktig at private krefter ser det som spennande å utvikla andre deler av planen.

Kommunestyret har vedteke at ein skal revidera arealdelen av kommuneplanen. Korleis vil me ha det i Eidfjord? Dette er noko me alle no kan vera med å påverka. Me ynskjer innspel, både på konkret kva me kan leggja til rette for, men også om det er noko ein saknar eller er viktig at me må ta vare på.

Arbeidet med arealplanen er starta, og det er viktig å få med alle gode framlegg. Det er gjennomført folkemøte og det er opna for innspel på heimesida til kommunen. Me vil ta imot forslag i andre kanalar også. Det viktige er at me alle engasjerer oss og set ord på korleis me ynskjer å ha det.

Vegen inn i jola- og nyttårstida er ei travel tid for mange. Tid er noko av det mest verdifulle me har. Bruk den godt i lag dei som er viktige for dykk, og inviter gjerne med ein som de ikkje har snakka med på lenge.

God jul og godt nyttår i vente.



Bilete: Katrine Helle Midtbø

# Innhold

|    |   |    |                            |
|----|---|----|----------------------------|
| 4  | Galleri N. Bergslien 20 år                  | 23 | Destinasjon Eidfjord       |
| 6  | Tussafoten                                  | 24 | Nordlys i Eidfjord         |
| 8  | TV-aksjon Lægreid skule                     | 25 | Frivillighetens dag        |
| 9  | Aktivitetsavdelinga                         | 26 | Eidfjord idrettslag        |
| 10 | Dette skjer på rådmannsfronten              | 28 | Eidfjord historielag       |
| 11 | Skriveverkstad og klassequiz med 10. klasse | 29 | Bu grendahus               |
| 13 | Toneskredo                                  | 30 | Eidfjord turlag            |
| 13 | Kva skjer i kyrkjå                          | 31 | Storlia kraftverk          |
| 14 | Frå Ukraina til Eidfjord                    | 32 | Fritidsaktivitetar         |
| 16 | Fritidsklubb i ungdomshuset                 | 34 | Øvre Eidfjord Grendalag    |
| 17 | Private hekkar og tre langs offentleg veg   | 35 | Nedbørsmålingar i Eidfjord |
| 18 | Dagsturhytta                                | 36 | Sæbø skule                 |
| 20 | Eigenberedskap                              | 37 | Nordic Music Prize         |
| 21 | Galleri N. Bergslien 2023                   | 40 | Kinoliste                  |
| 22 | Fjellstyret                                 |    |                            |

# Galleri N.Bergslien 20 år

Tekst og bilete: Bergljot Maria Veivåg Hauso

**S**trengt tatt vart galleriet 21 år i 2022, men grunna pandemien vart jubileumsmarkeringa utsett med 1 år. Det var også eit år som vart nytta til å laga infomrasjonsfilmen «Ein meister med fargar» om kunstnaren Nils Bergslien.



Filmen vart motteken med stor fagnad, og godt frammøte av publikum under jubileumsmarkeringa. Filmen kasta ljós på Nils Bergslien sin kunstnarsskap gjennom intervju av personar med særleg kunnskap om Nils Bergslien sin kunst. Lengda på filmen er 28 minutt, og den er tilgjengeleg heile året i galleriet. Ein kan også skanna QR-koden utanfor galleriet eller i Bergslikskorane for å sjå filmen. Bergslikskorane er bustaden etter Nils Bergslien, som i dag fungerer som kunstnarbustad i Eidfjord kommune.





Omlag 140 personar vitja premieren og kinoframsyning under jubileumshelga, og filmen er vorte opna 535 gonger via QR-kode sidan den vart publisert 2. september. Filmen er tilgjengeleg med norsk og engelsk tekst, og vil i løpet av vinteren 2022/2023 også ha tysk teksting.

Ellers i jubileumshelga var det opning av jubileumsutstillinga - ei samling av kunstverk som Eidfjord kommune har samla gjennom dei åra galleriet har vore i drift. Utstillinga vart opna av Laila Rynning Veum, leiar i stiftinga Bergsliminne, med musikalsk innslag av meisterspelar Knut Hamre.

Laurdagen var det CD-slepp med intro av Gunnstein Akselberg, han kasta ljós på forfattarskapet til Holger Drachmann. Drachmann skrev dikt i samband med ei vitjing hjå Nils Bergslien i 1886. Dikta Johanne, Ingebjørg, Ragna og Ragnhild vart til på denne turen og tonesett av Edvard Grieg. Desse dikta er no spelt inn med baryton, Ørjan Hartveit og Inger-Kristine Riber på piano. CD kan kjøpast på galleriet og i resepsjonen på kommunehuset.

Etter CD-sleppet var det mogeleg å ta seg ein tur i Bergsliskorane der Alexander Aga Røynstrand spela fele og Reidunn Horvei hadde forteljarstund. Ute i hagen var det kafe, og mange fann turen til ein triveleg formiddag i tunet.



# Tussafoten er kontinuerleg overvaka

Tekst og bilete: Drift & Forvaltning

**I** mars 2022 fekk Eidfjord kommune endeleg rapport frå NVE (Norges vassdrags- og energidirektorat) og NGU (Norges geotekniske undersøkelser) knytt til Tussafoten. Fjellpartiet nedfor Turtnalinuten er i rørsle. Og den rører seg med så pass stor hastigkeit at den vert klassifisert som eit høgrisiko objekt som krev kontinuerlig overvaking.



Deler av gjengen som fekk vitja Turtnalinuten. Frå venstre: Elsa Garatun, Lene Kristensen, Anne Kommedal, Bente Elin Hereid, Rebecka Friis, Arne Bu.

Tussafoten er eit ustabilt fjellparti nord for Øvre Eidfjord. Fjellpartiet rører seg opp mot 8 cm per år og har eit estimert volum på opptil 13 millioner kubikkmeter. Dersom fjellpartiet rasar ut vil skredmassane i verste fall ramma busetnad, forårsaka ei mindre flodbølgje i Eidfjordvatnet og føra til oppdemming av elva Bjoreio. Sjølv om fjellpartiet er i rørsle kan det ta særskilt mange år før ei stor rashending kjem til å skje. Det er heller ikkje sikkert at det nokon gong vert noko stort fjellskred, men mange små steinsprang og ras.

Tussafoten er myteomspunnen. Frå gammalt av har fjellformasjonen gått under namnet Tussafoten, og blokkhavet nedanfor Turtnalinuten vert namngitt som «helvete», med god grunn. Soga om Tussafoten fortel om ein Tusse som var forelska i ei

Tussejenta på Brot i Hjølmodalen. Ein dag tok Tussen mot til seg for å ferdast mot Brot. Han måtte kryssa ura under Turtnalinuten, sette seg fast og kom seg ikkje laus før sola skein i horisonten. Tussen gjekk i tusen bitar, igjen sto foten.

NVE har siden 2017 periodisk overvaka massane rundt Tussafoten, då det etter analyse av satellittbilete vart oppdaga rørsle i blokkhavet under Turtnalinuten. Gjennom åra har NVE etablert ulike måleinstrument og fulgt rørlene. I september 2022 vert instrumenteringa for den kontinuerlige overvakkinga av Tussafoten komplett.

På Turtnalinuten, den faste delen av fjellformasjonen som ruvar over Øvre Eidfjord, står totalstasjonen som via laser målar

posisjonen til 18 prisme nede i det ustabile fjellpartiet rundt Tussafoten. I samband med totalstasjonen er det montert eit 360 graders roterande kamera med moglegheit for zoom. Systemet nyttast til å sjekka skredområda og værforhold. Nyaste tilskot er klimastasjon på det faste platået for å fylgja med på vær, vind og temperaturar for å kunna læra meir om påverknaden frå ytre krefter.

Ute i det ustabile området, både rundt Tussafoten og lengre vest, finn me hjørne-reflektørar som målast frå satellitt i bane rundt jorda. Denne registrerer rørsle, det samme gjer GPS-antennen plassert i det ustabile partiet.

Nede på Sæbø skule i Øvre Eidfjord står den bakkebaserte radarmålaren, ein InSAR-radar. Radaren målar avstandar opp til 3 km i luftlinja og fangar opp rørsle.

Instrumenteringa som kontinuerleg overvakar rørsle i Tussafoten består av mange installasjoner og instrument montert i værhardt terreng. Dei ulike systema skal fungera uavhengig av kvarandre, og slik skal ein ha oversikt over rørsle heilt fram til eit eventuelt skred losnar. Uavhengige system gjer at ein har særskilt gode tryggleik sjølv om eit av systema i ein periode ikkje skulle fungera.



Nymontert GPS-antenne ved Tussafoten, med helikopter i bakkant.



Tussafoten i sin heilskap, ein kan skimta eit helikoper i bakkant og totalstasjon med solceller bak på Turtnalinuten.



Øvre Eidfjord frå fugleperspektiv.



Tussafoten med utsikt over Øvre Eidfjord.



Perspektiv på blokkhavet under Turtnalinuten.



Sprekken syner delinga mellom det faste fjellet på Turtnalinuten, og dei lause massane rundt Tussafoten.



Totalstasjon med solceller til straumforsyning på det faste platået på Turtnalinuten. Kan du skimta Arne og Anne ute på kanten av totalstasjonen?

### I luftig svev til Turtnalinuten med skue til Tussafoten

I midten av september hadde NVE på tymeplanen å ferdigstilla instrumenteringa knytt til overvakkinga av Tussafoten. I samband med dette fekk fleire frå Eidfjord kommune, Statsforvaltaren og ein innbyggjarrepresentant moglegheita til å fly hellikopter til Turtnalinuten (1189 moh.) for å skue utover Tussafoten. Føremålet med turen var å få ei djupare forståing for området.

Me flaug i strålende haustsol, landa i fjellterren og skua utover. Haustfargane farga omgjevnadane i sin fulle prakt, sol frå blå himmel og ein frisk vind. Me studerte Øvre Eidfjord i fugleperspektiv og skimta kongen av Hardangervidda, nemleg Hårteigen, i sør. Me vandra rundt på Turtnalinuten, nøytt panoramautsikt.

Ut på kanten med solcellene og totalstasjonen skua me utover blokkhavet rundt Tussafoten. Det var utfordrande å forstå storleiken på blokkene under oss, Tussafoten som ser så liten ut frå froskeperspektiv i Øvre Eidfjord. Med oss frå NVE var Lene Kristensen, som fortalte og peika på instrumenta omkring oss og dei me så vidt kunne skimta i blokkhavet.

Dagane NVE var her vart det montert to hellikopterlandingsplattformar i dei ustabile fjellmassane, ein plattform i bakkant av Tussafoten og ein i dei fastare massane lengre vest. I nærleiken av plattformane



Tussafoten, i målestokk Arne Bu i framkant.

vart det montert GPS-antennar. Samt med helikopterlandinga lengst vest vart det montert ein hjørnereflektor. På Turtnalinuten saman med totalstasjonen og kameraet, vert det montert ein værstasjon.

Nokre av oss tok sjansen på å ferdast ned til sjølve Tussafoten, noko som var skummelt og spektakulært på same tid. Turen ut gav høg puls der me hoppa frå blokk til blokk gjennom steinhavet. Turen ut var på eigen risiko. Me prisa oss lukkelege for å bli flydd ned att frå nymontert helikopterplatform. Det er utfordrande å ferdast i steinmassane, då mange små og store steinar er heilt lause og på vippen.

# Lægreid skule – TV-aksjonen 2022

Tekst og bilete: Hilde Anette Bu

Torsdag 6. oktober hadde barnetrinnet ved Lægreid skule basar på samfunnshuset. Det var kjempekjekt å endeleg fylle opp "storstova" vår etter to års pause. Mange ekstrastolar måtte takast i bruk, og me gjekk tom for årer i begge rundane. Alle elevane ved barnetrinnet hadde oppgåver som dei gjennomførte denne kvelden saman med dei tilsette. Elevane hadde laga tennbrikettar, eplemos og sirkusbollar som dei selte til inntekt for Leger utan grenser. Alt vart utsett då kvelden var over, og barnetrinnet fekk inn kr 30.035.

Torsdag 20. oktober arrangerte elevane på ungdomstrinnet skuleløp. Elevane hadde på førehand henta inn sponsorar blant familie og vener, og elevane sprang runde på runde for å få inn pengar. Til saman fekk ungdomstrinnet inn kr 16.520.

Tusen takk til alle som har bidratt til dette fantastiske resultatet!

Lægreid skule har dette året samla inn 46.555,-kr til Leger utan grenser.



Simen handlar hjå Tuva og Tora - 7. klasse hadde kafe under basaren



3. klasse selde eplemos, sirkusbollar og tennbrikettar dei hadde laga sjølv. Anette handlar hjå Sannah, Viljar, Tonje og Aurora



Fullsatt sal på basar



Frå konserten Minnenes melodi med Berit Håpoldøy og Erlend Styve



Ein kan sykla i Øvre Eidfjord, på fjellet, Tveisme-Bjotveit for å nemna nokre ruter. Ein kan også velja seg ei rute frå ein anna plass i landet.

## AKTIVITETSAVDELINGA

Tekst: Heidi Herstad Prestegård Bilete: Kjellaug Engeu

### Faste aktivitetar på bygdaheimen:

- Songstund på bygdaheimen kvar onsdag og fredag med Ingeborg Wiljand.
- Bingo og trim kvar torsdag.
- Songstund/andakt med organist og/eller prest annakvar tysdag kl. 13.30.

### Andre faste aktivitetar:

- Tysdagstreff annakvar tysdag kl. 11-13 i omsorgsbolig (gult bygg).  
Sosialt samvær for heimebuande, med enkel servering. Me ynskjer fleire velkomne til denne trivelege stunda.
- Dataopplæring kvar måndag kl. 10.00 – 12.00 på Evjo aktivitetssenter.  
Korleis betalar eg med Vipps?  
Det er noko rart med denne e-posten... Kan det vera svindel?  
Eg skulle så gjerne ha lagra dette biletet, og sendt det vidare...  
Korleis betalar eg rekningar i nettbanken?  
Eg har lasta ned Skyss-app'en, men er usikker på om eg har gjort alt riktig for å kunne kjøpe billett...  
Torleif Clausen Hjellødegård hjelper deg gjerne med slike spørsmål og utfordringar.

Av og til er det kjekt å gjera noko utanom det vanlege. Tur med trolltoget (tusen takk til Åge Herland som inviterte oss med på tur), lunsj på Tunet på haugen og konsert med Erlend Styve og Berit Håpoldøy er noko av det me har fått oppleva i sommar og haust.

Elles kan me nemna sykkeltrening, løysing av kryssord, høgtlesing, puslespel og turgåing som populære og samlande kvardagsaktivitetar på bygdaheimen. I tillegg er me så heldige å ha ein fast gjeng med frivillige som er frukostvertar i helgene. Kunne du tenkja deg å vera frukostvert eller delta i andre kvardagsaktivitetar for bebuarane på bygdaheimen? Då høyrer einingsleiar Karin Flatabø Thrane gjerne frå deg.

Helsing aktivitietsavdelinga v/Grethe Maurseth og Kjellaug Enge.

# Dette skjer på rådmannsfronten

Tekst: Heidi Herstad Prestegård

vår godkjende kommunestyret sluttavtale og ny arbeidsavtale mellom neverande rådmann, Geir Underhaug, og Eidfjord kommune. Dernest starta prosessen med rekruttering av ny rådmann, som har vore leia av rekrutteringsfirmaet Headvisor AS. Alle politiske parti har vore representerte i rekrutteringsprosessen, samt to tillitsvalde. Etter to intervjurundar med aktuelle kandidatar frå ei søkerlista på til saman 15 personar (ein søker trekte seg), vart det i slutten av september vedteke i kommunestyret at Magnus Steigedal vert Eidfjord kommune sin nye rådmann. Han er tilsett frå 1. januar 2023.

Geir Underhaug har vore tilsett som rådmann sidan november 2016. No ventar ein annleis arbeidskvardag i kommunen, i ny stilling som spesialrådgjevar.

## Fortel oss om ditt nye arbeid, Geir:

Fyrst og fremst vil eg fungera som rådmannen sin rådgjevar, dernest vil tida og behovet vise kva for arbeid som står for tur.

## Kva er ein typisk Eidfjording for deg?

Det er ein som er veldig glad i å vera i naturen, helst på Hardangervidda, gjerne for å jakta og/eller fiska. Dette er typiske verdiar som står sterkt hjå mange eidfjordinger. Ikke rart i det heile spør du meg, i denne kommunen med så fantastisk natur frå fjell til fjord.

## Kva har vore mest gjevande med å vera rådmann i Eidfjord kommune?

Eidfjord er ein ørliten, dog veldig travel kommune. Høg byggjeaktivitet og turisme er to sentrale stikkord. Arbeidsmengda til administrasjonen og politikarane heng naturlegvis ilag med dette, og det har jamnt over vore stor mengd av sakshandtering og møteverksemd i mi tid som rådmann. For meg har det å jobba så allsidig, å vera allmennpraktiserande, vore veldig gjevande. Travelt, men gjevande.

Det som kjem på bordet av stort og smått må løysast på beste vis, seier Geir. Eg vonar og trur at også vår nye rådmann seier seg einig i dette.



Neverande rådmann Geir Underhaug

Eg takkar Geir for praten, og ynskjer han lukka til med sitt nye arbeid.

Samstundes vil eg nyttja høve og ynskja vår nye rådmann, Magnus Steigedal, velkommen på nyåret!

**Åpningstider YX Eidfjord**

**Jula 2022**

|                  |               |
|------------------|---------------|
| 23. Desember:    | 08.00 - 20.00 |
| Julaften:        | 09.00 - 15.00 |
| 1. Juledag:      | 10.00 - 18.00 |
| 2. Juledag:      | 09.00 - 20.00 |
| 27-30. Desember: | 08.00 - 21.00 |
| Nyttårsaften:    | 09.00 - 17.00 |
| 1. Januar:       | 10.00 - 20.00 |
| 2. Januar:       | 09.00 - 20.00 |

**Din stasjon**

**YX**

**KAFFEAVTALEN 2023**

**COOP MEDLEMSKUPP**





**Medlemskupp!**

**249,-**

Spar 100,-  
Ord. pris 349,-

**coop**  
GJET.DK

Kan benyttes på over 260 YX og YX7-Elienbenyttede butikker.  
Vis fram medlemskortet i kassene!  
Tilbodet gjelder t.o.m. 31.12.2022



©TEGNINGER.II

# 10.klasse og poesi

Tekst og biletet: Kari-Sissel Bjøtveit

**Er dette ord som passar saman, tenkjer du kanskje? Det er det.**

10.klasse hadde skriveverkstad saman med forfattar Endre Ruset i slutten av august. I løpet av desse timane skrev dei fleire dikt med ulike tema. Inspirasjonen var ulik frå dikt til dikt. Det kunne vere ord som sette i gang tankeprosessen, eller noko dei fann på ein tur rundt i sentrum, som

til dømes eit blad eller ein stein. Elevane var kreative og fekk positiv tilbakemelding frå forfattaren.

Temaet poesi, runda elevane av med ein tur til poesifestivalen i Ulvik. Der var dei med på opninga av poesifestivalen, den

9.september. Dei las opp nokre av dikta, som dei hadde skrive på skriveverkstaden. Det vart òg tid til lunsj, sightseeing på Brakanes og eit besøk på Haugesenteret.

## Skriveverkstad med Endre Ruset

### 10.klasse sine dikt

Bladet

Eg har flydd langt,  
og lengre skal eg fyka  
Hugse ein gong då eg  
hadde kappløp,  
med ei rypa.  
Kven tapte?

Helene A.Riber

Steinen

Eg er ein stein  
liten og grå  
ligg åleine og blir tråkka på  
stirrer opp på himmelen blå  
og eg er heilt rå.

June Maranini

Elon og meg

Hadde eg møtt  
Elon Musk,  
hadde eg vist han  
korleis ein ordentleg bil ser ut  
og spurt han om pengar etterpå

Torje S.Ukvitne

Rognebær

Eg er eit rognebær  
Eg heng her på trær  
Sjå og lær!

Selma Myklatun



Frå venstre Selma, June, Helene, Torje, Arisara, Are og Tobias



Steven Gerrard

Kjem Steven Gerrard  
på besøk ein dag, vil eg visa han langsko-  
tet mitt,  
eg vil han skal koma om sommaren når  
bana er open.  
Etterpå skal me setje oss i skuggen med  
kvar si flaske Jarritos,  
kanskje eg visar han fjorden- viss han likar  
den.

Tobias M. Myrvang

Ugle

Eg er som ei ugle  
Eg likar alt med natta  
Eg likar å vere ute då det er stille  
Eg er den einaste som kan lage ein lyd  
Eg kan kvitre høgt eller vere stille  
Natta er tida  
Eg likar stillheita og kor lett augene kan  
føle  
seg åleine

Are Dalseid

Besto mi

Kjem besto mi frå Thailand  
på besøk ein dag,  
vil eg visa ho rundt i Eidfjord.  
Vil helst at ho skal koma om sommaren,  
når det er fint ver og me kan gå på tur.  
Etterpå skal me slappa av heima,  
og nyta den varme sommaren i Noreg.  
Tur på fjellet og bada i fjorden kan vere  
spennande  
for det er ingenting her i Eidfjord  
Ho ikkje vil sjå eller oppleva.

Arisara Chansuriwong



Helene, June, Selma og Arisara framfører  
dikta dei har skrive sjølv

## Klassequizzen på besøk på skulen

Den 17. oktober var det 10. klasse på Lægreid skule sin tur til å vere med i klassequizzen. Journalist Tale Hauso kom fra NRK Vestland, for å "grilla" dei tre spente 10.klassingane med både vanskelege og lette spørsmål. Dei som deltok fra 10.klasse var, Tobias Meel Myrvang, Arisara Chansuriwong og Torje S. Ukvitne.

Elevane fekk 12 spørsmål i fire ulike kategoriar, og her kan de testa dykk sjølve på dei same spørsmåla. Er du smartare enn ein 10.klassing? Fasiten finn du ein annan stad i bladet.

### Kategori 1: Tal

1. Kor mange oksygenatom har svoveldioksid?
2. Kor mange nullar er det i 14 milliardar?
3. Kor mange land grenser Noreg sitt fastland til?

### Kategori 2: Fly

1. Kor langt flyr ei due i løpet av ein halv time med ein gjennomsnittsfart på 50 km/t?
2. Kva insektsorden tilhører ein måler?
3. Frå kva land kjem flyselskapet Lufthansa?



Klassequiz - Tobias Myrvang, Arisara Chansuriwong og Torje Stakseng Ukvitne

### Kategori 3: Sverige

1. Kva internasjonal møbelbutikkjede vart grunnlagt av Ingvar Kamprad i 1943?
2. Kva var fornamnet til han som gav namn til Nobelprisane?
3. Kven er svensk tronarving?

### Kategori 4: Rom

1. Fullfør uttrykket Rom vart ikkje bygga på ein...
2. Kva heiter romteleskopet som skal etter planen Hubble i verdsrommet?
3. På kva fiktiv skule finn vi Nødvendigrommet?

| Fasit                       | Kategori 1  | Kategori 2  | Kategori 3    | Kategori 4          |
|-----------------------------|-------------|-------------|---------------|---------------------|
| heksefi og trollidom        | 3. Victoría | 3. Tyskland | 3. Sommarfugl | 3. James Webb Space |
| 3. Gilvort høyere skole for | 2. Alfred   | 2. IKEA     | 1. Dags       | 2. Kronprinsesse    |
| 2. Dag                      | 1. 25       | 1. 25       | 2. Sommarfugl | 3. Alfreð           |
| 1. 2                        | 2. 9        | 3. 3        | 1. Victoría   | 2. Sommarfugl       |

# Songkoret Toneskredo med utvida jolekonsert 4. desember

Tekst: Hilde Anette Bu

**Songkoret Toneskredo gler seg til årets jolekonsert i Eidfjord kyrkje. Etter at vi måtte avlysa i fjor pga pandemien, så blir det ekstra stas i år å få framføra ein jolekonsert med noko attåt. Vi har nemleg i år med oss gjester: Chorus-80, songkoret med øvingstad på folkehøgskulen på Lofthus, Hardangerbrua musikklag med øvingstad Eidfjord og Kinsarvik, og Ulvik musikklag som hører til i Ulvik.**

Dette prosjektet kom i gang i haust, først som ein idé om at det hadde vore artig å ha med gjester og få visa fram litt av det som finst i bygdene rundt fjorden. Det er òg ein fin arena for at vi som driv med kultur og aktivitetar får visa oss fram, slik at folk blir klar over at det finst aktivitetar òg for vaksne.

Vi fekk nyss om at Chorus-80 var utan dirigent denne hausten, så då vart det lett å invitera dei med, slik at vi kunne danne eitt stort felleskor. Når vi i tillegg

fekk med oss to korps, ja, då låg alt til rette for ein fantastisk jolekonsert.

Levande kulturelle bygder er viktig, og aktivitetar skal passa for alle, både når det gjeld alder, kjønn og nasjonalitet. Kor og korps er nettopp plassen for dette - vi har rom for alle.

Dei to kora hadde si første fellesøving 8. oktober, og neste 19. november. Då møtte vi alle til 5 timer med øving. Ein god pause med niste og god prat hører med. Dirigenten vår, Tom Jarle

Istad Kristiansen kom ned frå Voss til fellesøvingane. I tillegg har kora hatt sine stemmeøvingar kvar for seg med sine respektive stemme-leiarar på sine øvingsdagar. Korpsa har øvd for seg sjølve på sine øvingsstadar.

Så er alt sydd saman til ein fantastisk flott jolekonsert 4. desember! Konsertane blir kl 15 i Kinsarvik kyrkje og kl 19 i Eidfjord kyrkje. Vi gler oss til å kunna tilby god jolestemning til bygda-folk og tilreisande, og vi håpar vi ser deg på ein av konsertane våre.

## DETTE SKJER I KYRKJA

**04.12.22 kl. 19.00**

Jolekonsert med Toneskredo

**11.12.22 kl. 11.00**

Gudsteneste

**24.12.22 kl. 16.00**

Gudsteneste jolafta

**25.12.22 kl. 12.00**

Gudsteneste fyrste joledag

**03.01.23 kl. 17.00**

Joletrefest



Joletrefest i 2020.



Grilling på Kråkeskarvet - god stemning trass dårlig vær

## Frå Ukraina til Eidfjord

Tekst og bilete: Trude Varberg

**G**runna Russlands invasjon i Ukraina har kommunane i Noreg rusta opp til å ta i mot flyktningar frå Ukraina. Det har også Eidfjord kommune gjort, og status i slutten av oktober er at me har tatt i mot 20 personar. Aldersspennet er stort; det er menneskjer alt i frå barnehagealder til pensjonistalder. Me har vore så heldige at somme av desse har ein relasjon til nokre av dei andre flyktningane i frå heimlandet. Trude Varberg er tilsett i ein flyktningkoordinator-stilling for å fylge opp alle nykommarane i deira nye kvar dag i Eidfjord.

Heilt sidan flyktningane har kome har det vore planlagt norskopplæring. Sidan dei fyrste kom rett før sommarferien starta, har det vore ei prioritering å legge til rette for at alle har tilbod om å delta på sosiale arenaer, at dei får ei innføring og innsikt i både livet i Eidfjord og Noreg. Eidfjord kjøp / salg / bytte-sida på Facebook har vore brukt flittig for å etterspørje både kle og møblar som har vore mangel på, og bygdafolket har stilt opp og levert på ein heilt upåklageleg måte! Nesten uansett kva som har blitt etterspurt, så har det vore

på plass på svært kort tid av menneskjer i bygda som har lyst til å hjelpe – noko som har hjelpt både oss som jobbar med dette og ikkje minst innflyttarane.

Gjennom sommaren la me opp til ein god del aktivitetar, der me med god hjelp frå lokale aktørar har kunna invitert med på mellom anna rib-båt med Fjordsafari, kajakktur med Best Adventures og tur med Trolltoget takka vere Åge Herland. I tillegg stilte GoFjords med busstur til Vøringsfossen og dei fekk inngang på Hardangervidda naturcenter. Det er

fantastisk å oppleve både kor imøtekommande alle me har tatt kontakt med har vore, og også dei som har tatt kontakt med oss for å høyre korleis dei kan bidra. I tillegg sette me opp turar innflyttarane kunne melde seg på, der dei kunne følge Ole-Johnny Odland på busstur med Skyss til Geilo for bowling, pizza og sightseeing, samt tur til Voss med besøk på Vossabadet, sushirestaurant og shopping. Det var godt oppmøte og god stemning på begge utfluktar.

Etter sommaren starta norskopplæringa, der attendemeldingane på læraren Bjørn-Kåre Engseth har vore utelukkande positive. Innflyttarane trivst veldig godt og får god oppfylgjing når det trengst. Fleire har starta i praksisarbeid hjå verksemder som Fják Sjokolade og Coop Marked Eidfjord. I tillegg har nokre blitt engasjert i kommunale stillingar. Her har det både vore eige engasjement for å sjølv finne seg ein arbeidsplass og eit samarbeid med flyktningkoordinator.

Me var også så heldige at det vart donert fleire lam til oss, som resulterte i ein laurdagssamling på samfunnshuset der me parterte og omarbeidde kjøtet før det vart fordelt på deltakarane. Kokken Arthur var med i nokre timer og viste fram korleis ein, basert på resultatet, kunne lage absolutt fantastisk fårikål!

Livet på Lægreid skule har og blitt rikare av dei nye tilskota me har fått der. I tillegg til å fylgje vanleg undervisning der det høver, har dei norskopplæring og oppfylgjing frå sin ukrainske skule. Det har faktisk vore tilsette som har fått sett internettoplæring i tysk på ukrainsk – noko dei færreste nok trudde skulle bli aktuelt.



I Modnen barnehage har dei også fått fleire nye på avdelingane, der barna lærar seg norsk og har kome fint inn i barnegruppa.

Det har blitt oppretta ei frivillig gruppe som prøver å ta litt ekstra ansvar for å ta kontakt med dei nye sambyggingane på fritida. Det kan vere turar, eit kaffibesøk og andre aktivitetar som skjer i kvarden. Dersom nokon ynskjer å vere med i dette arbeidet er det berre å ta kontakt

med Trude. Elles er det sjølvsagt berre å ta kontakt, sei hei, slå av ein prat på roleg og tydeleg bokmål (siden det er denne målforma dei lærer seg).

Heilt til slutt kan me nemne at me ventar inntil 10 nye ukrainske innflyttarar fram mot jol. Det har gjort oss rikare å bli kjent me så flotte mennesker som me har fått til bygde fram til no, og me ynskjer gjerne fleire velkommen om det finst behov!



Lammepartering på samfunnshuset ilag med kokken Arthur Fjetland

# Fritidsklubb i ungdomshuset

Tekst og bilete: Bergljot Maria Veivåg Hauso

Me er i gang med å flytta fritidsklubben over i ungdomshuset, etter ein gong skal huset verta fyllt med ungdommar! Ungdommane sjølve er med på jobben, og i oktober reiv dei det gamle kjøkkenet. Etterpå skal det monterast nytt kjøkken og salen nede skal malast og fornyast. Salen oppe vert som den er men skal fyllast med dans og moro! Sceneteppet får igjen jamn temperatur og kan vera til glede for nye generasjonar.



Eivind, Una, Lisa, Kaia, Torje, Marthinus og Tobias

Ungdommane er godt i gang med planlegginga, og får vera med å bestemma korleis det skal vera i huset. Målet er at huset skal vera ein god møteplass for dei yngste ungdommane våre, men også for dei på vidaregåande og oppover. Kommunestyret har vedteke at me skal få til eit eige låsesystem slik at det vert meirope med tilgang

til lokalet for dei eldste utanom opnings-tida. Slik håper me å skaffa ein møteplass også for dei som kanskje berre er heime i vekene eller som føler at dei kanskje er for gamle til å gå på fritidsklubben.


Me gleder oss til huset er klart til bruk!



Riving av gamle kjøkkenet.

# Private hekkar og tre langs offentleg veg

Tekst: Drift & Forvaltning Illustrasjoner: Statens Vegvesen



Eid fjord kommune ynskjer å ha fokus på god trafikktrygg-leik. God sikt i vegbane har mykje å sei for tryggleiken. Du som tomteeigar kan gjera tiltak for å betra den.

Huseigar eller brukar av eigedom er ansvarleg for at vegetasjonen ikkje skapar trafikkfarlege situasjoner. Det betyr at du må klippa hekk, buskar og tre slik at alle trafikkantar får god sikt eller at tre, buskar og hekkar ikkje hindrar sikt til trafikkskilt og vegnamnskilt.

## Illustrasjon 1

Kryssar avkøyrselen din gang – og sykkelveg, skal ikkje høgda på hekk og gjerde overstige 0,5 meter over vegplan i frisiktsona.

Alternativ 1 – klipp hekken lågare enn 0,5 meter.

Alternativ 2 – Flytt hekk eller gjerde utanfor frisiktsona. Frisiktsona er merka med rosa i illustrasjonen.

## Illustrasjon 2

Det må vera 4 meter fri sikt inn i avkøyrselen. Du skal kunne sjå vegen når du står 4 meter inn i avkøyrselen din.

Fartsgrensa er avgjerande for kor langt ein skal kunne sjå til kvar side frå avkøyrselen:

- Ved 30 km/t skal du kunne sjå 20 meter i begge retningar.
- Ved 40 km/t skal du kunne sjå 30 meter i begge retningar.
- Ved 50 km/t skal du kunne sjå 45 meter i begge retningar.
- Ved 60 km/t skal du kunne sjå 70 meter i begge retningar.
- Ved 70 km/t skal du kunne sjå 90 meter i begge retningar.



## Illustrasjon 3

Har du tre ut mot veg, skal ikkje greinene henge lågare enn 5 meter over vegbanen.

Har du tre ut mot fortau eller gang – og sykkelveg, skal ikkje greinene henge lågare enn 3 meter over vegbanen.

Eigar av trea er og ansvarleg for å fjerne greiner som ligg i vegbanen/fortau.

Eid fjord kommune har utarbeida eit skriv som vil verta gjeve til husstandar der me ser at det må utførast tiltak for å betra sikt. E ber også om at du melder frå til oss, via postmottak eller borgarmelding, dersom du ser kommunale område som er potensielt farlege.



# Kva skal dagsturhytta heita?

Tekst: Bergljot Maria Veivåg Hauso

Dagsturhytta er i ferd med å verta klar for bruk. Enno gjenstår det ferdigstilling inne, tilrettelegging utanfor hytta, merking og tilrettelegging av sti. I løpet av våren 2023 vert det offisiell opning av hytta.

Hytta er plassert ovanfor Lægreid, nøyaktig navn på plasseringa er Storehei. Men alle dagsturhytter har sitt eige unike navn, så no er tida kome for å finna namn på vår dagsturhytta.

Har du framlegg til namn på hytta kan du senda dette til e-post [bmv@eidfjord.kommune.no](mailto:bmv@eidfjord.kommune.no) eller sms 97190023 innan 01.01.2023. På nettsida [www.dagsturhytta.no](http://www.dagsturhytta.no) kan du sjå oversikt over andre dagsturhytter i Vestland og navn på desse.



Bilete: Frode Eriksen



Bilete: Arne Bu



Bilete: Frode Eriksen

## Driftsavtale for dagsturhytta

Drift av dagsturhytta er basert på ein driftsavtale med ein driftsorganisasjon. Avtalen gjeld for 5 år i gongen, det er høve til å forlengja avtalen når avtaleperioden er slutt. Det er sett av 20.000 kroner årleg utbetalt til driftsorganisasjonen for drift/tilsyn av hytta. Dette kan vera eit godt tilskot til lagskassa for ulike lag og organisasjonar.

### Tilsyn/vedlikehald:

- Tilsyn av hytta og utedo
- Kontrollerer/halde oppsyn med solcelleinnstallasjon og vedomn i hytta
- Vask av hytta og utedo etter behov og i samråd med kommunen
- Fylla på med toalettpapir ved behov
- Setja opp eventuelle informasjonsplakatar til brukarane av hytta
- Sjå etter og halda orden i nynorsk biblioteket i hytta

- Sjå til og leggja ut ny turbok når den er fullskriven
- Generelt vedlikehald. Utgifter til reparasjon må avklarast i forkant med kommunen.

Dei som ynskjer å ta på seg drift og tilsyn av dagsturhytta må visa si interesse ved å senda ein e-post til [postmottak@eidfjord.kommune.no](mailto:postmottak@eidfjord.kommune.no) innan 15. januar 2023. Har de spørsmål kan de ta kontakt med kultursjef Bergljot Maria Veivåg Hauso.



Bilene: Frode Eriksen

A photograph of a suspension bridge, likely the Hardanger Bridge, spanning a deep fjord. The sky is filled with warm, pink and orange hues of a setting sun. In the background, snow-capped mountains are visible across the water. A small white box containing text is overlaid on the left side of the image.

**Saman gjer  
vi det betre**

Skal vi ta vare på alt det verdifulle vi har her på Vestlandet, må vi gjøre det saman – for saman gjer vi det betre.

*Saman for ei endå sterkare næring- og samfunnsutvikling i Hardanger.*

Foto: Gettyimages

 Sparebanken Vest



## EIGENBEREDSKAP

Kjelde: DSB Bilete: Anne Kommedal

**Har du alt du treng for å klara deg sjølv i minst tre døgn dersom vatn og straum plutseleg vert borte?**  
**Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap anbefaler at alle husstandar tek nokre enkle grep for å betra sin eigenberedskap.**

Framlegg til beredskapslager for å klare seg heime i minst 72 timer:



- 9 liter vatn per person
- to pakkar knekkebrød per person
- ein pakke havregryn per person
- tre boksar middagshermetikk eller tre posar tørrmat per person
- tre boksar med pålegg per person
- nokre posar tørka frukt, nøtter, kjeks og sjokolade
- naudsynt medisin
- ved-, gass- eller parafinovn til oppvarming
- grill eller kokeapparat som går på gass
- stearinljos, lommelykt med batteri eller parafinlampe
- fyrstikker eller lighter
- varme kle, pledd og sovepose
- fyrstehjelppakke
- batteridriven DAB-radio
- batteri, opplada batteribank og mobilladar til bil
- våtserviettar og desinfeksjonsmiddel
- tørke-/toalettpapir
- sanitetsprodukt
- nokre kontantar
- ekstra drivstoff og ved/gass/parafin/raudsprit til oppvarming og matlaging
- jodtablettar ved ei atomhending

# UTSTILLINGAR I GALLERI N. BERGSLIEN 2023

Tekst: Bergljot Maria Veivåg Hauso

## 14. april – 11. juni

Hilde Kjepso

## 21. juni – 20. august

Lise Steingrim

## 24. august – 8. oktober

Jens Flesjå

## Opningstider

### Laurdag og sundag (14/4 – 16/6)

12.00 – 16.00

### Dagleg (17/6 – 20/8)

11.00 – 17.00

### Laurdag og sundag (21/8 – 09/10)

12.00 – 16.00

### Cruiseskip

12.00 – 16.00



Den gule blokka, 100x120cm, akryl på lerret 2021

## Stipendmottakar Lise Steingrim

Lise Steingrim er mottakar av Eidfjord kommune sitt kunstnarstipend for 2023. Stipendet er på kr. 40.000, i tillegg får kunstnaren tilbod om opphold i Bergsliskorane og i kunstnarhusværet i Berlin.

Lise Steingrim (f. 1969) er biletkunstnar som jobbar med måleri, ho er busett på Nesodden. Ho er utdanna frå Einar Granum Kunstfagskole (2010) og Statens Kunstakademi i Oslo (2013). Ho har delteke ved ei rekke separat- og kollektivutstillingar i inn- og utland. Steingrim finn motiv i hus og bygningar. Ho har fokusert mykje på funksjonalismen i etterkrigsåra. Steingrim lagar stemningar, sinnebilete som me som ser på, kan finna gjenklang i. Steingrim studerar arkitekturens geometriske grunnformer og nyttar måleriet sine verkemiddel som ljós, skugge og kontraster. Måleria framstår lik som arkitekturen, uten ornament og pynt

## Krav til stipendmottakar:

- Kunstnaren som mottek stipendet må arbeida i Eidfjord kommune i stipendåret. Opphaldet bør strekkja seg over 4-6 veker. Kommunen stiller til rådvelde atelier og bustad i Bergsliskorane
- Stipendiaten bør inviterast til å halda utstilling i Galleri N.Bergslien, eller utføra anna kunstnerisk formidlingsarbeid i kommunen
- Stipendiaten får tilbod om opphold i kunstnarbustaden under opninga/monteringa av utstillinga eller i samband med formidlingsarbeid
- Kommunen ynskjer å byggja opp ei kunstsamling med arbeid av stipendmottakarane. Stipendmottakaren bør difor gje kommunen eit kunstverk frå arbeidsperioden i kommunen

# Garnfiskeresultat frå vatn og tjørn i Eidfjord statsallmenning

Tekst: Gunnar Elnan

Interessa for garnfiske held seg stabilt, 107 hadde løyst garnfiskekort i 2022. Dei fleste er flinke og rapporterer resultat frå garnfiske. Fjellstyret meiner det å viktig å dokumentera kva fiskeressursane i statsallmenningen betyr for bruksberettigta i allmenninga. Enkeltresultat vert helde anonymt og resultat her skal ikkje kunna sporast til enkeltfiskarar.


7 som har kjøpt garnfiskekort har rapportert at dei ikkje har fiska, 11 som kjøpte garnkort har ikkje rapportert. Fjellstyret håpar desse vil rapportera når dei les dette.

Tilsaman er det rapportert fiska nær 6000 aure med samla vekt på over 3550 kg. Reknar ein  $\frac{1}{4}$  kg til ein middag, utgjer samla fangst 14200 middagar. Fiskeressursane på statsallmenninga er viktig bidrag til næringslivet i fjellet og mange hushaldningar i bygda.


Å utøva garnfiske er i rekna som friluftsliv, folk kjem seg ut og er i aktivitet. Det er rapportert om 355 fiskedøgr, og

for dei fleste som fiskar er ein to i båten, så meir enn 700 døgr med friluftsliv bidreg garnfiske med!


Så litt statistikk frå dei store viktige vatna i allmenninga.



I Tinnhølen er fangstane stabile sjølv om talet garn brukt er gått ned.




Fangstinsatsen og avkastinga er stabil i Lakjen. Tynningsfiske i Lakjen dei 3 siste åra viser likevel at avkastinga frå fisken har auka.




Her illustrerast fangst målt som kg aure per garndøgn (blå) og tal aure per garndøgn (gul). For i år fekk garnfiskaren i snitt nær 0,7 kg aure per garn per natt.

Den heile streken viser trend for heile perioden fjellstyret har fangststatistikk. Kurvene viser auka utbytte frå garnfiske. Dette indikerer at det er potensial for å auka avkastinga når ein ser fangstrapportane samla. Sjølvskatt er situasjonen forskjellig frå vatn til vatn. Fjellstyret kan gje råd til fiskarar som ynskjer å prøva vatn dei ikkje har fiska i tidlegare.



Garnfiske i Nordmannslågen er stabilt og har ikkje variert mykje dei 3 siste åra.



I Langvatnet viser statistikken stabilt fiske og at fangstane har auka.

# Destinasjon Eidfjord AS

Tekst og bilete: Marit Stadheim

**Sommarsesongen er over, det merkast både på været og antal gjester.**

Etter to år med pandemi og lite internasjonale landbaserte gjester og cruisegjester, kan Destinasjon Eidfjord AS no melde om ein sesong med mykje aktivitet, omrent tilbake på 2019-nivå.

Det har vore kjekke og hektiske dagar, veker og månader på turistkontoret og cruisekaien, og me har teke imot gjestene våre på ein god måte. Dei 6 sommarhjelpane våre på turistkontoret (Stuart, Emilie, Helene, Sondre, Amanda og Juliette) og dei 24 karane på cruisekaien med Terje Monsen i spissen har vore gull verdt!

Cruisesesongen starta med eit skip i februar og tre i april, og me var spente på fortsetjinga. Men så gjekk det slag i slag frå 3. mai til 29. oktober! Rederia byrja forsiktig med halvfulle skip og auka gradvis passasjertala opp mot slutten av sesongen.

Så kundeteljaren vår talte meir enn 108.000 gjester inn på turistkontoret i perioden april - oktober i år, derav 80% på cruisedagar. Det har vore veldig kjekt å sjå at internasjonale gjester som kjem med bil eller offentleg transport er tilbake for fullt. Me kunne nok ønska oss at nordmenn som i pandemiåra fekk smaken på å reisa meir i eige land kunne gjort det i år også, men det ser ut som utanlandsferie vart meir tiltrekkande i år.

Turistkontoret si hovudoppgåve er informasjonsformidling til gjester som ynskjer å komma til Eidfjord, i tillegg til dei som allereie er her. Sal av billettar og aktivitetar er ei tilleggsteneste som har utvikla seg fordi gjestene har etterspurt den, og me har difor hatt travle dagar med høg omsetning både i skranken og via bookingsystem på nettsida vår, spesielt på cruisedagar. Og det er bra for næringsaktørane!

Me jobbar aktivt med rederia og agentane for å tilrettelegga trafikken til minst mulig sjenanse for oss som bur her. Eidfjord



Gamla Sandhaug

må, som andre cruisehavner forhalde seg til Havne- og farvannsloven. Denne seier noko om mottaksplikt (Kap3, §27). Me må også forhalde oss til Friluftsloven som regulerer allemannsretten. Denne gir oss rett til bl.a. å gå eller sykla på stiar og vegar, bada, padla og ro i fjord og vatn.

Men me kan likevel regulera mykje av det som skjer når ein cruisebåt kjem til Eidfjord. Difor har Eidfjord laga eit regelsett som rederia må forholde seg til når det gjeld bl.a. utslepp og støy. Dette er med i cruisemanualen vår som ligg offentleg på heimesida vår. Cruisemanual inkl. reglar og prisstruktur skal no reviderast for 2023, der me tillet oss å bli litt strengare.

Eidfjord har, saman med andre hamner og DNV, vore med å utvikla EPI (environmental port index), eit rapporteringsverktøy som skal dokumentera utslepp når eit skip

ligg i hamna og slik regulera prisane etter kor miljøvennleg eller -uvennleg skipet er. Dette verktøyet vart i Eidfjord teke i bruk frå i år, og me ser allereie no at dette har innflytelse på kva skip som kjem inn.


No ser me fram til eit spennande 2023 med endringar i organisasjonstrukturen vår. Samstundes vil Elin, «Eidfjord-leksikonet» vårt gjennom meir enn 35 år, gå av med pensjon 30. november. Det same gjer Helge Møller ved nyttår, han har styrt Cruise Destination Hardangerfjord med all si erfaring og engasjement dei siste 12 åra.

Og me ser fram til å ta imot cruiseskip både i januar, februar og mars. Dette er med på å legge grunnlag for næringsaktørar som ynskjer å driva verksemd i Eidfjord heile året.

Me jentene på kaien ynskjer alle ei riktig god jolehelg, og eit godt og framgangsrikt nytår!

# Nordlys i Eidfjord 22. oktober

Det latinske namnet på nordlys er aurora borealis. Det same fenomenet vert også kalla sørlys, eller aurora australis, når det opptrer på den sørlege halvkula. Fellesnemninga er polarlys. Kjelde: Store norske leksikon



@heidikvam



Tekst: Bergljot Maria Veivåg Hauso

FNs internasjonale dag for frivillighet 5. desember er til for all den fantastiske frivilligheita som bidreg til eit varmere samfunn! I Eidfjord vil me markera dagen. Når EidfjordNytt går i trykken er ikkje alle planane i boks enno, så sjå etter informasjon på heimesida vår om arrangement 5. desember.

Eidfjord har mange flotte lag og organsasjonar som bidreg til ei meiningsfull fritid. Me set stor pris på all den gode aktiviteten dei ulike laga og organisasjonane bidreg til.

**Kjeldesortering i  
hus og hytte!**

Alt du kjeldesorterer kan bli til noko nytt.  
Då sparar me råstoff, energi og miljø.

Takk for at du er med!

Løgeinns/S. Foto: Stein Ulvund

Få tips til å sortera rett  
på [sortere.no](http://sortere.no) eller [ihm.no](http://ihm.no)



På naturen si side  
56 52 99 00 | ihm@ihm.no | www.ihm.no

## OPNINGSTIDER JOLA 2022

|               |             |
|---------------|-------------|
| 23. desember: | 09.00-20.00 |
| 24. desember: | 09.00-14.00 |
| 25. desember: | stengt      |
| 26. desember: | stengt      |
| 27. desember: | 09.00-18.00 |
| 28. desember: | 09.00-18.00 |
| 29. desember: | 09.00-20.00 |
| 30. desember: | 09.00-20.00 |
| 31. desember: | 09.00-16.00 |
| 1. januar:    | stengt      |
| 2. januar:    | 09.00-18.00 |

**GOD JOL!**



# Eid fjord Idrettslag

Tekst og biletet: Bjarte Andre Eriksen

**Eid fjord Idrettslag ble stiftet 6. august 1947. Vi er nå inne i lagets 75. år, og har gjennomført flere arrangement for å markere 75års-jubileet.**

Lør dag 20. august hadde vi barnas dag i Ostangen hvor fotball, ski og trimgruppene tok på seg arrangementet. Her hadde vi et løp for alle barna før vi serverte pølse med brød og is. Vi hadde og fått inn en klovn som underholdt oss med trylling og tulleri. Etter showet satte vi i gang hoppeslottet samt at klovnens blåste opp ballongfigurer til de barna som ønsket det.

Lør dag 12. november hadde vi festmiddag før dans på Eid fjord Samfunnshus inn i de små timer. Og som seg hør og bør for et idrettslag fikk vi trimmet dansefoten med god musikk fra Twang Gang og Naglabeat.

Vi er evig takknemlig for våre samarbeids-partnere og hovedsponsorer Sparebanken Vest og Statkraft.

I høst fikk vi landet en ny og forbedret sponsoravtale med Sparebanken Vest. Den gamle avtalen gikk opprinnelig ut i 2020, men vi klarte å få den nye avtalen med

tilbakevirkende kraft fra 2021. Avtalen gjelder da fra 2021 til 2024.

Eid fjord kommune og den hjelpen og kompetansen vi får derfra gjør jobben vår mye enklere når det gjelder arrangement og utstyr vi får låne. Tusen takk til dere. Uten dere hadde vår jobb som idrettslag vært mye mer tid- og ressurskrevende.

Idrettslaget har vært gjennom et år med omstrukturering for å gjøre det enklere å være med i styret og andre oppgaver i idrettslaget. Vi har nå 6 styremedlemmer og 1 vara til hovedgruppen. Vi har også hatt problem med å få nok personer til å stille på årsmøtet. Her er kravet at det møtes like mange personer som det er styremedlemmer. Med den nye styremodellen har dette kravet gått ned fra 10 personer til 6 personer.

Vi i Eid fjord er heldige med at det er billig medlemskap i idrettslaget. I år er prisen kr 150,- for barn og kr 500,- for voksne. Fra 2023

har vi i tillegg et familiemedlemskap som da dekker alle i samme husstand. Denne prisen er satt til kr 750,-. Dette medlemskapet er det eneste man trenger å ha for å kunne delta på alle idrettslagets aktiviteter, uten noen ekstra treningsavgifter eller lignende.

Aktivitetene har en god spredning fra spinning, halltreninger, fotball, terrengløp, skikarusell med kveldskjøring i Sysendalen Skisenter og oppkjørte skiløper hver tirsdag når forholdene ligger til rette for det.

Vi er veldig åpne for nye idretter eller aktiviteter. Eid fjord er en liten bygd. For å skape aktiviteter trenger vi hjelp fra ressurspersoner som ildsjeler, foreldre, ungdom og andre som brenner for å få i gang nye aktiviteter eller holde i gang aktiviteter vi allerede har. Det er dessverre slik at vi får en del innspill på aktiviteter som er ønskelig at vi har og vi ser verdien i dem, men dette stoppes igjen av mangel på ressurspersoner til å ta seg av dette.



## Eid fjord Småbanecup

Eid fjord Småbanecup ble arrangert helgen 17. – 19. juni i år. Her deltok det 105 lag med ca. 1300 fotballspillere i tillegg til lagledere, foreldre, søsken og andre igjen. Årets turnering ble planlagt uten overnatting på offentlige bygg og Simadal som

kamparena. Vi fikk en helt annen ro over turneringen som vi ikke har hatt tidligere år. Etter erfaringen fra årets turnering og alle gode tilbakemeldinger kommer vi nok til å fortsette uten Simadal de neste årene.

Uten alle som stiller opp på dugnad til turneringen kunne vi ikke gjennomført den. I løpet av en intensiv cuphelg skjer det alltid uventede ting og vi er da evig takknemlig for dere som da hiver dere rundt og tar på dere både doble og triple vakter for å få alt til å gå rundt.

Eid fjord Småbanecup er vår største inntektskilde og det er denne som gjør at vi kan holde den lave medlemsprisen vi har til våre medlemmer.

Uten denne inntekten hadde vi nok måtte innført påmeldingsavgift på f.eks. terrengløp og i skikarusellen samt treningsavgift for andre aktiviteter.

I overskuddet etter turneringen har vi en skjult inntekt på momskompensasjon for idrettslaget. Vi har fått sett hvor mye dette utgjør for oss. Da vi ikke arrangerte Eid fjord Småbanecup i 2020 og 2021 så vi på årets momskompensasjon hvor mye dette utgjør. Vi har gått ned fra ca kr 140 000 kr i 2020 til rundt kr 23 000 i år. Dette kommer i tillegg til det reelle overskuddet turneringen gir. Vi har vært heldig i 2020 og 2021 at vi har fått koronakompensasjon som baserer seg på overskuddet som turneringen hadde i 2019.

Vi fikk tidenes tilbakemelding i år fra en foreldre/lagleder:

*Spelarane storkosa seg, til tross for skifande ver(som har sin sjarm det og).*

*Mitt eige barn satte standarden når han gjekk ut av bilen om morgonen: «oj, mamma! Sjå kor fint det er her. Sjå på dei fine fjella, og der kan me bada. Her kan eg flytta til». Det er store ord frå ein liten vossing- som kun har opplevd Eidfjord via bensinstasjonen og iskiosken på stopp før vidda:)*

Vi håper at bygdafolket og våre medlemmer ser verdien denne turneringa gir til aktiviteten i idrettslaget samt for næringslivet i Eidfjord.



## Fotballgruppen

Fotballgruppen har i år hatt med 5 lag i seriespill, 3 av lagene i samarbeid med Granvin IL.

Vi er dessverre litt for få barn og ungdom her i Eidfjord til å kunne ha egne fotballlag etter hvert som de blir eldre. Vi starta i fjor med samarbeid med Granvin på 2007/2008 og 2010 lag. Dette var positivt i den forstand at vi ble flere på lagene. Samarbeidet ble videreført i 2022 med avtale som varer fram til og med 2024. Denne avtalen går ut på at vi stiller felles lag i de klassene hvor klubbene ikke selv klarer å stille lag fra 10 år og oppover.

Fotballgruppen har et mål om være en Fair Play klubb og har nådd dette målet hvert år siden 2018. Vi får da et diplom fra NFF Hordaland som synlig bevis på dette.

Lørdag 1. oktober arrangerte vi seriedag for alderen 6 – 9 år. Da hadde vi 50 lag som spilte sine kamper her i Eidfjord som en turnering. Her deltok det 320 spillere og G15 laget til Eidfjord og Granvin tok seg av salget i salgsbua. Her og var tilbakemeldingene veldig gode, og flere som var innom og fikk med seg noe av livet nevnte på at det var som en mindre utgave av Eidfjord Småbanecup.



## Skigruppa

Tekst: Elin Sæbø Vik

### Skikarusell

Skigruppa i Eidfjord idrettslag lager til skikarusell 4- 5 fredagar i vintersesongen, i tillegg Eidfjordmesterskapen som er kombinert med skileik langrenn/ alpint. Alt er dugnadsbasert, og me er avhengig av positive foreldre som stiller opp. På skikarusellen går ungane ein runde på langrenn, og får etterpå tilbod om å kjøpa rimelege heiskort (50 kr, gratis tom 6 år). Me har eit godt samarbeid med Sysendalen skisenter, dei trakkar flotte skiløyper tysdagar og i helgene. Dei preppar slalombakken, og legg til rette for skileik. Skikarusellen på fredagen er populær for store og små både lokale Eidfjordingar og hyttefolk.

### Kurs

Me fekk arrangert fleire alpinkurs for barna i Eidfjord idrettslag sesongen 2022, det var god oppslutning om alpinkursa. Skigruppa har planar om fleire kurs denne sesongen.

Skigruppa arrangerte eit kurs i langrenn sesongen 2022- der Ulvik idrettslag stilte med folk. Lite oppmøte denne dagen grunna koronapandemien, men me håpar å få til langrennkurs også komande sesong.

## Barnas skileikar

Me har hatt besøk av "Barnas skileker" i 2021 og 2022. Dei lagar mykje liv og skapar skiglede, og har med flotte premiar. Me er i dialog med dei, og håpar dei kjem i 2023.

### Bytehelg

Me arrangerte "byttehelgen" for fyrste gong i fjor med litt liten respons, og vi prøvde igjen i år. Vi håpar fleire kjem med utstyr som ikkje passar lengre, og for å kjøpa brukte i staden for at vi må kjøpe nyt utstyr heile tida. Vi solgte også kaker, saft og kaffi til inntekt for skigruppa EIL.

Ta kontakt med skigruppa om det er noko de ynskjer eller vil bidra med.



## Trimgruppa

Tekst: Anita Sæbø Myklatun

I denne gruppen er det spinning, gruppetreningstimer i hall og barnetrim. Etter nyttår kommer det turn også. På spinning og gruppetimer er det med instruktør som veileder deg gjennom timen, slik at du skal føle deg trygg og samtidig bli motivert!

Hver høst ved skolestart arrangerer vi terrengløp på Hereid på kveldstid for barnehagebarn og skolebarn opp til mellomtrinnet. Dette har blitt veldig populært blant barna, og foreldre setter stor pris på lek og moro før og etter løpet. Gøy å se at det springer mange barn i skogen der oppe. I midten av oktober starter barnetrim i idrettshallen for de minste barna. Dette går ofte på dugnad mellom foreldrene.

Vi i trimgruppa er her for deg!!

# Eid fjord historielag

Tekst og bilete: Kari Tveit Hovland

**M**e ynskjer gamle og nye medlemmer velkomne både på medlemsmøta, og på turane me arrangerer. Målet er å ta vare på noko av kulturarven vår gjennom å dela historiar og bilete.

Me held til i Evjo aktivitetssenter sine lokale på Lægreid. Fram til no har me hatt medlemsmøte 2. måndagen i månaden. No endrar me dette til måndagar i annankvar partalsveke. Byrjar måndag i veke 40 kl 19.00 på aktivitetssenteret.

I vår gjekk medlemsturen til Ulvik og besøk på Haugesenteret. Vidare gjekk turen til Osa, der Torunn og Lars Polden tok godt imot oss. Torunn og ein av turdeltakarane fortalte om korleis Osasamfunnet var planlagt i si tid, og Lars viste rundt i galleriet.

Hausten starta med tur til Hjølmo. Berit Vivelid Hereid serverte kaffi og nydelege lappar, og fortalte bl.a om tida då ho vaks opp på Hjølmo. Det var interessant og kjekt å sjå det gamle klyngjetunet på Hjølmo.

Andre ting Historielaget syslar med, er å gje ut Bergasylja. Årets utgåve er nr 22. Målet er å gje den ut kvart år også i framtida. Den er i sal på begge butikkane i Eid fjord. Du kan også tinga den ved å senda mail til [bergasylja@gmail.com](mailto:bergasylja@gmail.com)

Ynsker du å bli medlem for 2023 kan du vippse kr 100,- til 585808 eller bankkonto nr: 3450 30 06105. merk innbetalinga med namn og medlemskap 2023.



Frå hausttur til Hjølmo

# Bu rendahus

Tekst og bilete: Marit Bu Oppedal

**Bu rendahus var tidlegare skule kombinert med husvære for læraren og hans familie.**

Då skulen vart lagt ned, overtok grenda etter kvart drifta av huset. Huset vart modernisert og gjort om til rendahus med at husvære og skulestova vart slått saman, det vart toalett inne og skuleplassen vart utvida.

Huset vert drifta ved hjelp av dugnadsarbeid og inntekter frå utleige og tilskot.

Det er eit kontinuerleg arbeid å halda huset og uteområdet i god stand. I seinare tid har me pussa opp salen i 2. høgda og det er blitt investert i steamer på kjøkken.

I året som kjem er det uteområdet og huset utvendig som skal prioriterast. Me må skifta tak, nokre vindauge, bordkledning må bytast og huset må malast.

Huset har blitt leigd ut til barnhage og bibliotek. Det blir nytta av lag og organisasjoner i bygda, private samkomer som konfirmasjon, barnedåpar, bursdagsfeiring, overnattingssleir og huset vert leigd ut til deltakarar på Eidfjord-cupen. Her feiar bygda 17. mai, arrangerer bygdekafé og grillfest.

Kjellarhøgda består av ein sal, hovudkjøkken og ei bod. I fyrste høgda er det eit lite kjøken, ein større sal, gang og toalett. I andre høgda er det to rom som



Dåpsgudsteneste



I 17. maifeiring



vert nytta som lager. Det er ei god trapp mellom etasjane.

Uteområdet er stort og godt nytande til leikeområde eller til hageparty med grilling. Partytelt har me til utleige. Me har søkt

om midlar og håper det kjem både leikeapparat, bord og stolar på plass til våren.

Det er god parkeringsplass i tilknyting til uteområdet.

# Me vil ha deg med på tur i Eidfjord turlag!

Tekst og biletet: Anne Kommedal



Nyoppstarta Eidfjord turlag leverte i oktober 2022 søknad om å verta tatt opp som lokallag under DNT Bergen og Hordaland Turlag. Søknaden vart godkjent, og med eit nytt lokallag i Eidfjord har alle kommunane i gamle Hordaland fylke eigne turlag.

Bergen og Hordaland Turlag er Vestlandets største interesseorganisasjon for friluftsliv med over 30.000 medlemmer. Organisasjonen vart grunnlagt i 1890 og har 16 turlag under seg.

Eidfjord har nokre av dei mest spektakulære turområda i Noreg. Eidfjord turlag skal vera ein arena for mennesker i lokalmiljøet, der kvar og ein på tvers av alder kan komma sammen og nyta den fantastiske naturen me har rundt oss.

Turlaget vil tilretteleggja for sosiale og lærerike aktivitetar og arrangement gjennom sesongane. Laget ynskjer å vedlikehalda stiar og bidra til trygg ferdsel på lokalt stinett.

## Me ynskjer mellom anna desse aktivitetane:

- Barnas turlag
- Turgruppe for alle aldrar
- Turar i nærområdet i Eidfjord, samt påmeldingsturar på Hardangervidda
- Aktivitetar som til dømes bålbrunning, kajakk og klatring
- Utbeta stinettet med merking og rydding

## Høyeast det interessant ut?

Lokallaget er i oppstartsfasen, me har behov for engasjerte medlemmer som vil bidra vidare i laget. Over jol vil me setta saman eit styre, og planleggja årets aktivitetar.

**Ikkje medlem i DNT?** Meld deg inn via QR-kode. Dersom du bur innanfor Eidfjord kommune blir du automatisk medlem i Eidfjord turlag.

**Allereie medlem i DNT?** Ta kontakt med DNT og be dei registra medlemskapet ditt i Eidfjord turlag. Deler av din medlemsavgift vil gå attende til turlaget og koma lokalsamfunnet til gode.

**Ynskjer du å bidra som frivillig i laget?**  
Skann QR-koden og meld di interesse.

Skulle du har spørsmål, ber me deg ta kontakt med Jonas, Anne, Rebecka eller Atle. Kontaktinformasjon initiativtakarar: Jonas Kimerud tlf. 94875450, Anne Kommedal tlf. 4835752, Rebecka Friis tlf. 41849648, Atle Myklatun tlf. 970 02 862.



Meld deg frivillig i Eidfjord turlag.



Meld deg inn i Eidfjord turlag.

# Statkraft – Storlia kraftverk

I mai 2022 kunne Storlia kraftverk offisielt opnast av olje- og energiminister Terje Aasland.

Å byggja eit kraftverk er ein omfattande prosess og arbeidet med infrastruktur starta i 2015 med etablering av avkøyring frå riksveg 7, samt bygging av kabelgrøft frå Leiro. Arbeidet med kraftverket starta i juni 2018, og bygging av tunnelar, betongarbeid og montering av elektro-mekanisk utstyr kunne starte opp.

Storlia kraftverk er bygd i ein allereie eksisterande vatntunell, og utnyttar fallet i overføringstunellen mellom inntaket i Bjoreio ved Våkavadet og inn i Sysenmagasinet. Det er viktig å legge slike små kraftverk til eksisterande vasskraftanlegg.. På denne måten vert slike inngrep i naturen så små som mogeleg, og vil bidra med rein og grøn energi i mange år. Aasland roste i opningstalen sin Statkraft for god bruk av Noregs naturressursar.

Storlia er eit godt eksempel på korleis me kan få meir fornybar energi ved å utbytte vatnet smartare i området som allereie er bygd ut. Dette fører til at ein kan bygge ut meir straumproduksjon med moderate konsekvensar for miljøet.

Tunellmassar frå anlegget har vore ein god ressurs, og har blitt brukt til infrastruktur som har vore nytt til mellom anna hyttemotter og vegbygging. I tillegg er ein del av massane brukt til ny avkøyring til Tinnhølvegen, og til å utvida parkeringsarealet ved Tinnhøldammen. Statkraft har gjennomført prosjektet med AF Gruppen og Rainpower som har nytt eigne ressursar på deler av oppgåvene, medan andre er utført av ein god del lokale bedrifter i Hardanger.



Det er Kraftverksgruppa Hardanger som eig og står for drift av kraftverket. Storlia kraftverk produserer om lag 40 GWh i eit normalår som tilsvarar meir enn heile årsforbruket til innbyggjarane og hytte-eigarane i Eidfjord kommune. I tillegg gir kraftverket noko produksjonsauke både i Leiro kraftverk og i Sy-Sima.

Produksjonen av straum vert styrt fra regionskontoret i Sauda, og det er ulike faktorar som påverkar kor tid det skal køyrast og ikkje. Dette inkluderer mellom anna straumpris, verdi på vatnet som mykje

regn, mykje eller lite snø, flaumfare, lite eller mykje vatn i magasina.

Vasskraftmagasina er sjølve ryggrada i norsk energiforsyning. Me må ha tilstrekkeleg vatn i magasina for komande vinter, i tillegg må dei ikkje bli så fulle at me ikkje har plass til vatn frå ei rask snøsmelting eller våt haust. Dette kan også vera viktig for å unngå skadeflaum. Sima kraftverk har ei viktig rolle i kraftsystemet, og bidreg vesentleg i balansering av kraftsystemet med høg installert effekt fordelt på fleire maskiner og stor magasinkapasitet.

# Fritidsaktivitetar i Eidfjord – haust/vinter 2022-2023

## Juniorklubb

Kven: Barn 1 – 4 klasse  
Når: Torsdagar 17:30 – 19:00  
Kvar: Sæbø skule  
Kontaktperson: Helene Bratland

## Hardangerbrua musikk korps

Kven: Ungdom/vaksne over 16 år  
Når: Måndagar 20 - 22  
Kvar: Vekselvis Eidfjord samfunnshus og Kinsarvik skule  
Kontaktperson: Marianne Frimann Nilsen

## Fritidsklubb

Kven: Ungdom 8 kl – 18 år (7. kl frå nyttår)  
Når: Ons 18 – 22 Fre (PV) 19 - 23  
Kvar: Lægreid gamle skule  
Arrangør: Kultur, næring og berekraft (EK)  
FB: <https://www.facebook.com/eidfjordkommunalefritidsklubb>

## Seniordans

Kven: Vaksne over 55 år  
Når: Måndag 14 -16  
Kvar: Sæbø skule  
Kontaktperson: Ragnhild Herstad

## Mekkeklubb

Kven: Ungdom 7. kl og oppover  
Når: Alle dagar, utanom EK si arbeidstid  
Kvar: Fellesbygget på Lægreid  
Arrangør: Foreldrestyrt

## Småbarnskafe

Kven: 0 – 2 år m. foreldre  
Når: Onsdag 11:00  
Kvar: Kyrkja  
Arrangør: Kyrkja  
Heimeside/FB: [www.eidfjordkyrkje.no](http://www.eidfjordkyrkje.no)  
<https://www.facebook.com/eidfjordkyrkje>

## Barnekor "Songglede"

Kven: 4 – 6 år  
1 – 4. klasse  
Når: Tysdag 17:00 – 17:30  
Tysdag 14:30 – 15:00  
Kvar: Kyrkja  
Arrangør: Kyrkja  
Heimeside/FB: [www.eidfjordkyrkje.no](http://www.eidfjordkyrkje.no)  
<https://www.facebook.com/eidfjordkyrkje>

## Strikkeklubb

Når: Onsdag (PV) 18:00–20:00  
Kvar: Sæbø skule  
Kontaktperson: Liv Myklatun

## Onsdagsmøteplass

Når: Onsdag (OV) 11 - 15  
Kvar: Sæbø skule  
Kontaktperson: Ragnhild Myklatun

## Toneskredo, kor

Kven: Ungdom og vaksne  
Når: Anna kvar måndag (OV) kl 19-21  
Kvar: Kyrkjelydsalen  
Leiar: Linda H. Kaland  
FB: <https://www.facebook.com/toneskredo>

## Turgåing

Når: Tysdag 10:30 – 13:00  
Kvar: Sæbø skule før nyttår/nedre Eidfjord etter nyttår

PV = Partallsveker OV = Oddetallsveker

Endringar kan førekoma, ta kontakt med arrangør for nøyaktig infomasjon. Dersom du ynskjer at ditt lag/din organisasjon skal vera med i oversikta over fritidsaktivitetar, ta kontakt med heimesideredaksjonen. [eidfjord-heimeside@eidfjord.kommune.no](mailto:eidfjord-heimeside@eidfjord.kommune.no)

## Kino

Kven: Alle  
 Når: Sundag 18:00 & 20:00  
 Kvar: Eidfjord kino, kultursalen  
 Arrangør: Eidfjord kino (EK)  
 FB: <https://www.facebook.com/eidfjord.kino>

## Laurdagsbading

Kven: Born til og med 4. klasse med foreldre/føresatte  
 Når: Laurdag kl 15:00-17:00 (ikkje i skuleferiar)  
 Kvar: Eidfjord Samfunnshus  
 Arrangør: Dugnadbasert av føresatte  
 Heimeside: <https://www.eidfjord.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-fritid/idrett/basseng/>

## Eidfjord Historielag

Kven: Alle  
 Når: Kvar 2. måndag i månaden kl 19:00  
 Kvar: Evjo aktivitetsenter, "NVE bygget" Lægreid  
 Kontaktperson: Kari T. Hovland  
 FB: <https://www.facebook.com/Eidfjordhistorielag>

## Sysendalen Skisenter

Kven: Alle  
 Når: Sesongopning 2. joladag  
 Kvar: Maurret  
 Arrangør: Hardangervidda Ski og Fjellsport AS  
 Heimeside: <https://www.sysendalen.no/>

## Styrkerom

Kven: Alle innbyggjarar i Eidfjord over 18 år  
 Frå 15-18 etter fullført kurs/opplæring  
 Når: Open kl 06:00-22:00  
 Kvar: Eidfjordhallen. Må kjøpe nøkkelbrikke på kommunehuset  
 Arrangør: Eidfjord kommune/kultur, næring og bærekraft  
 FB gruppe:"Styrkerom Eidfjordhallen"

## Eidfjord kulturskule

Kven: Alle  
 Når: Etter oppsatt timeplan  
 Kvar: Eidfjord Samfunnshus  
 Kontaktperson: Eidfjord kommune v/kulturskulerektor Bjørne Møen  
 Heimeside: <https://www.eidfjord.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-fritid/kultur/kulturskule/retningsliner-eidfjord-kulturskule/>

## Terapibasseng

Kven: Fysioterapien sine brukarar eller etter avtale  
 Når: Damer: Måndag & Torsdag kl 12:30-13:30  
 Herrar: Tysdag og Fredag kl 12:30-13:30  
 Kvar: Eidfjord kommunehus. Helseavdeling i kjellaren  
 Kontaktperson: Fysioterapiavdelinga  
 Heimeside: <https://www.eidfjord.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-fritid/idrett/basseng/>

## Eidfjord skyttarlag

Når: Trening/oppskyting kvar vår - terminliste på fb  
 Kvar: Skytebanen i Øvre Eidfjord  
 FB: <https://www.facebook.com/eidfjordskyttarlag>

## Offentleg bading

Kven: Alle – sjekk opp tidspunkt for din aldersgruppe  
 Når: Måndagar og onsdagar frå 17:00-20:30  
 Kvar: Eidfjord Samfunnshus  
 Kontaktperson: Eidfjord kommune v/ ass. rektor  
 Heimeside: <https://www.eidfjord.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-fritid/idrett/basseng/>



# Øvre Eidfjord grendalag

Tekst og bilete: Helene Bratland

Øvre Eidfjord Grendalag hadde laurdag 22. oktober loppemarknad og kafé i Ungdomshuset i Øvre Eidfjord. Det var godt oppmøte denne dagen, både av seljarar og besökande. Her kunne du kjøpa flotte nylaga strikketøy for å varma kroppen frå topp til tå, ulike Tupperware produkter, klede, leikar, bøker og anna krimskram. Det er kjekt med loppemarknad der kan du finna mykje rart for store og små. Grendalaget hadde sal av betasuppe, lappar, nydelege eplekaker og kaffi i kafeen. Vêret var fint, så det var kjekt å sitja ute ved bålpannene. Takk for oppmøtet! Me gler oss til neste gong.

Anna aktivitet som Øvre Eidfjord Grendalaget har på kalenderen framover er joleverkstad for store og små, bakekveld, jolebingo og gløgg treff i bålhuset i Lund. Desse kjem som arrangement på Facebook og på plakatar.



# Nedbørsmålingar i Eidfjord

Tekst: Drift & Forvaltning Bilete: Meterologisk institutt

**Heilt attende til 1895 har Metrologisk institutt lang klimaserie med nedbørsmålingar frå Eidfjord. Iløpet av 2023 vil det mest truleg koma ny automatisk vêrstasjon i Eidfjord.**

Meterologisk Institutt (MET) tok i haust kontakt med Eidfjord kommune om moglegheiter for å etablera ein automatisk vêrstasjon sentralt i Eidfjord.

I perioden frå 2003 til 2021 vart det utført manuelle målingar ved ambulanstanjonen på Lægreid, men Eidfjord har sidan målinga vart avslutta stått utan målingar sentralt i Eidfjord.


## Nyttig informasjon

MET har ynskje om å vidareføra nedbørsmålingar i Eidfjord, og er difor i dialog med kommunen om ny plassering. Vêrstasjonar gjer oss data som er nytig, både i kommunal og nasjonal planlegging, mellom anna knytt til drenering, arealplanlegging, byggje-prosjekt og ras.

Alle observasjonar MET samlar inn vert lagra i deira Klimadatabse. Dette kan du som privatperson sjå igjen på for eksempel Yr.no

## Gamle bilete

I dialogen med MET fekk Eidfjord kommune tilsendt gamle biletar av målestasjonar. Desse biletene syns me var artige og ein kuriositet, og spurte om lov av MET til å få dei på trykk her. Kjenner du igjen nokre hus, bilar eller folk på biletene?





# Aktivitetar på Sæbø skule

Tekst: Liv Myklatun Bilete: Eidfjord Kommune

Sæbø skule vart teken i bruk november 1974 og innvigg i februar, litt for alvor når det var kamp året etter, og i det høve framheva dåverande skulesjef Sondov Rabbe at bygdafolket måtte ta skulen/gymsalen i bruk som stova til innbyggjarane. Dette har vorte gjort i stort mon. Gymsalen er nok det rommet som har vorte flittigast brukt, det er ikkje få volleyballtreningar og kampar som har vorte spelt her. Deltakarane var frå tenåringer til bestemødre, og latteren sat laust hjå alle. Det vart spela for moro og litt for alvor i kamp mot fjordingane. Andre aktivitetar i gymsalen har vore markering av FN-dagen, 17. maifeiringar med frukost og leikar til borna når våret var for dårleg til feiring på Varbergshaugen.

Vevstove, malekurs, møteplassen for seniorar utan strikking og strikkekafe med strikking! Turgruppa har sitt treff etter turgåing hausthalvåret, og seniordans er også ein aktivitet som føregår

kvar veke. Alt dette er kome i gang av privat initiativ, og starta opp som frivillig tiltak etter at nokon har teke initiativ for å loddja interessa for dei ymse tiltaka.

Ein kan rekna opp mange ulike tiltak av ting som huset kan brukast til, som bakekurs, bruk til feiring av åremålsdagar, loppemarknad bl.a. I tillegg er huset også brukt til lager av utstyr både til småbanecupen og overnatting i samband med denne, lager for Norseman, historielaget osb. I det store og heile viser aktivitetane i huset at det i høgste grad er liv laga, og vil halda fram både for noverande brukarar og for dei som kjem seinare. Ikke minst er det viktig tiltak at fritidsklubben for 1. til 4. klasse er komt i gang med foreldrebaser drift slik at dei kjem inn i dette miljøet og ser nytten av å nyitta lokala i framtida. Dette viser at Sondov Rabbe si oppmading om å ta huset i bruk var rett.



# Vann Nordic Music Prize med lydportrett frå Hardangervidda

Tekst: Heidi Herstad Prestegård

Nordic Music Prize er ein fellesnordisk musikkpris oppretta av by:Larm for å setja fokus på nordisk musikk, samt bryte ned grensene mellom nabolanda. Benedicte Maurseth er årets vinnar av Nordic Music Prize for albumet «Hárr» - som er det norrøne namnet på Hårteigen, vegvisaren på Hardangervidda.

Me gratulerer!



# Resultat frå villreinjakta på kvota til Eidsfjord fjellstyre

Tekst: Gunnar Elnan

Fjellstyret fekk tildelt ein kvote på 958 fellingsløyve for jakta 2022. Denne kvota inkluderer ein kalv på kvart fellingsløyve. Det er felt om lag 135 dyr på kvota. Fjellstyret manglar framleis rapport frå 10 jegerar og har difor ikkje det eksakte fellingsresultatet.

For å unngå for mange jegerar på allmenninga har fjellstyret vedteke at det ikkje skulle vera meir enn 130 jegerar på allmenninga. Dette resulterte i at 144 fellingsløyve ikkje vart selt. Reknast fellingsprosenten utifrå selte fellingsløyve kjem ein til om lag 20,1%. Reknast fellingsprosenten av heile kvota til fjellstyret, vert fellingsprosenten 14,1%.

Det var felt flest vaksne dyr, og av dei vaksne mest simler. Dette speglar og stammesamsetjinga da det i to år no har vore jakt på bukk for å dokumentera mogleg smitte av skrantesjuke.





# Kinolisten desember 2022

Kanskje ein kinobillett kan vera årets jolepresang til nokon du set pris på?  
Gåvekort på kino får du kjøpt på tenestetorget.



4.Desember kl.18.00  
**EN ANNERLEDES VERDEN**  
*The Walt Disney Company Nordic*



4.Desember kl.20.00  
**XII – 12 BRAGDER**  
*Mer Fimdistribusjon*



11.Desember kl.18.00  
**BRILLEBJØRN FEIRER JUL**  
*Tillat for alle! / Selmer Media /  
Speletid: 1t.05min*



11.Desember kl.20.00  
**MRS HARRIS GOES TO PARIS**  
*T. A. / UIP / Speletid: 1t.56min*



18.Desember kl 18.00  
**PUS MED STØVLER**  
*UIP / Speletid: 1t.40min*



18.Desember kl 20.00  
**AVATAR – THE WAY OF WATER**  
*The Walt Disney Company Nordic*

Filmane som ikkje har oppgjeve sensur eller speletid kan du finne meir informasjon om på [filmweb.no](http://filmweb.no).